

Julehelsing 2020



Kontoret

Desember går mot slutten, og me ser tilbake på eit travelt, spennande og ikkje minst lærerikt år. Med nye regler og endringer som kom med tanke på corona, heimekontor og møter over nettet..

Kvar haust reiser vanlegvis heile kontoret på Bondelaget sitt årlege skattekurs, men dette året rydda me lunsjbordet og fekk strima kurs frå Røros, via storskjerm!

Me ynskjer sjølv sagt at det igjen skal verta mogleg å gjennomføra årsoppgjeret for 2020 på eit nokolunde normalt vis, -det er gildast for oss å ha besøk på kontoret 😊

Reidar Lomeland er for tida sjukemeldt. Me har fordelt kundane hans så godt me kan, og håper dei det gjeld kjenner seg ivaretekne.

Bilag og statusskjema for 2020

Frist for levering av bilag for 2020 er sett til 20.01.2021

Får du fleire bilag som skulle vore med etter dette, leverer du dei fortløpande.

Hugs å få med:

- Faktura og avrekninger datert i 2020, sjølv om dei ikkje er betalt før i 2021
- Kontoutskrift, årsoppgåver og renteoppgåver på lån frå bank
- Årsoppgåver frå kunder, eks Prima, Fatland etc.
- Kontoutskrift frå leverandørar, eks Felleskjøpet, Coop, Fiskå
- Signert statusskjema og eventuelt utfylt driftsanalyse.

Som i fjor vert statusskjema sendt ut pr epost. Er det ønskjeleg å ha desse i papir, kan de koma innom i døra å få dei. Desse ligg og på heimesida vår <https://hgrl.no/>

Produksjonstilskot

Minner om frist 10.1.2020 for etterregistrering av utgifter til avløyning i 2020. Har du ikkje nok utgifter gjennom avløyserlaget, er det fullt mogleg å leggje til andre utgifter, f.eks. klauvskjering, fosterteljing rundballepressing osv. Spør gjerne om hjelp viss dette er uklart.

Lovpålagt internkontroll

Kvart år er me pålagt av Finanstilsynet å oppfylle alle krav til internkontroll.

Tidsbruk til dette arbeidet deler me på alle aktive kundar. Dette vert fakturert på siste rekning i år, og er merka som lovpålagt internkontroll.

Driftsanalyse/Nøkkeltal

Nøkkeltala viser dekningsbidraget og utviklinga i økonomien i dei enkelte produksjonane. Desse tala kan brukast til å finna forbettringspotensiale hos seg sjølv, og til å samanlikna seg med andre, med tilsvarande produksjon. Ved større investeringar vil bankar og Innovasjon Norge krevja budsjett som bygger på eigne nøkkeltal. Driftsanalyse/nøkkeltal analyse har vist seg å vere et nyttig verktøy for den enkelte bonde.



***Me vil med dette rette takk til
alle kundar for året som har gått,
og ynskjer dykk
ei riktig God Jul og eit Godt Nyttår!!!!***